



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 22.06.2016
Vår ref.: 2016/836-4
Saksbehandlar: ingskei
Dykkar ref.:

Bømlopakken - godkjenning av auka fylkeskommunal garanti

Fylkestinget vedtok i 2009 å gje sjølvskuldnargaranti til Bømlopakken for lån på inntil 350 mill. kr. Departementet godkjende dette i brev av 23.10.2009.

Det har vore stor byggeaktivitet i 2015, og bompengeselskapet har nådd lånegrensa på 350 mill. kr. Det er planlagt stor aktivitet også i 2016 og 2017. Lånebehovet er venta å nå ein topp i 2017 på opp mot 600 mill. kr.

Fylkestinget gjorde i møte den 14.06.2016, sak 54/2016, vedtak om å auke garantisummen til 600 mill. kr. Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune aukar sjølvskuldnargarantien for Bømlø Vegselkap AS til 600 mill. kr.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 600 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2030.

Kopi av saksførelegget ligg ved.

Ein ber om godkjenning av vedtaket.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Ingvar Skeie
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.